



PÅ KYRKJEVEG

KYRKJEBLAD FOR ØYSTRE SLIDRE

NR. 1, 58. ÅRGANG, 2019





«Fordi eg ville vera med og bestemme!» Dette var biskop Solveig Fiske sitt svar når born og unge spurde henne om kvifor ho ville bli biskop. «Ho ville gjere sitt til at kyrkja skulle bli så bra som ho syntest ho skulle vera.» Så herleg!

No er det ikkje val av biskop det gjeld, og ikkje så mange kan hende som beint fram seier at dei vil vera med å bestemme korleis kyrkja skal sjå ut. Ikkje så mange som vil stikke seg såpass fram at de fremjar sitt eige kandidatur heller dessverre.

Men i desse dagar sit nominasjonskomitear i sokna i Øystre Slidre og finn dugande menneske som dei tenkjer vil representere medlemmane i kyrkja i Øystre Slidre på ein god måte. Menneske dei meiner vil ta gode avgjerder når det gjeld korleis kyrkja vår skal vera.

Vi vonar de som får eit brev i posten i løpet av våren vil ta imot tilliten og utfordringa med glede. Dei unge i alle aldrar som vi gjerne vil skal kjenne at dei høyrer til, få del i kyrkja sitt innhald, ha ein stad med gode trygge vaksne rundt seg treng dykk. Samfunns- og kulturinstitusjonen kyrkje treng dykk. Mange synes i den siste tida å berre sjå religion som ei privat sak. Men som kyrkje har vi eit samfunnsoppdrag i å gje gode rammer rundt folk i sårbare situasjonar. Eit historisk og kulturelt ansvar for å vidareformidle den verdiarven nasjonen vår har bygd lovverk og struktur i tråd med. Nye som «gamle» innbyggjarar treng folk i sokneråd som tek sitt nestekjærlege ansvar på alvor og legg til rette for eit godt, varmt og inkluderande lokalsamfunn. Vi treng dykk! Vi som arbeider i kyrkja treng dykk til å sikre oss bakkekon-takten, til støtte i arbeidet.

Vi vonar at de som kunne tenke dykk å ta i eit tak for kyrkja og ikkje vil vente på å sjå om det kjem brev i posten - meld dykk! Gjerne til underteikna!

Eg ser fram til nye fire år kor eg kan bli betre kjend med enda fleire trivelege øystreslidringar.

PS. Takk for mange flotte bidrag til fotokonkurransa vår om påsknummeret sitt forsidebilde. Den stemningsfulle «Påskemorgon ved Øyangen» av Ane Melby gjekk av med sigeren!

God påske!!

- Eli -

SOKNEPRESTEN HAR ORDET



DEN NORSKE KYRKJA

ØYSTRE SLIDRE PRESTEGJELD

Kyrjekontoret, Tingvang
Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

E-POST:
post.oystreslidre@kyrkja.no

KONTORTID:
Alle dagar 10 - 14

Dagleg leiar:	ANNE NORA ALUND	61 35 25 76
Sokneprest/fjellprest:	ELI VATN	991 29 976
Prost:	CARL PHILIP WEISSER	915 55 504
Sekretær:	ODDVEIG HOLDAL WEEG	61 35 25 78
Kyrkjetenar:	JON GUNNAR SOLHAUG	61 35 25 80
Kyrkjemusikar:	MAGNE OLAV SELLAND	934 19 294
Menighetspedagog:	ELLEN ODDVEIG RUDI	948 65 195

PÅ KYRKJEVEG - Kyrkjeblad for Øystre Slidre
Utgjevar er sokneråda i Øystre Slidre.

REDAKSJON:
Eli Vatn, Martha Viken, Ingrid Meyrick og
Oddveig Holdal Weeg.

Bladet kjem med 4 nummer i året.
LAY-OUT: designsaskia.no
TRYKK: Bekkevolds Lyskopi ANS
KONTO NR.: 2135 25 01678 / VIPPS: 105751

FRIST FOR INNLEVERING AV STOFF TIL NESTE
NUMMER: 7. MAI 2019

Forsidebilde Foto: Ane Melby

LIDAR KYRKJE
Klokkar: Anne Britt Skåthun Sørnum
Kyrkjetenar: Harald Melby
Reinhaldar: Harald Melby
Soknerådsleiar: Mette Mari Lein
996 90 632

HEGGE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Jon Gunnar Solhaug
Reinhaldar: Synnøve Rødningen
Soknerådsleiar: Gunvor Hegge
907 40 702

VOLBU KYRKJE
Klokkar: Hildur Vingdal
Kyrkjetenar: Svein Hegge
Reinhaldar: Svein Hegge
Soknerådsleiar: Einar Eriksen
907 59 702

ROGNE KYRKJE
Klokkar: Ellen Oddveig Rudi
Kyrkjetenar: Svein Erik Rogne
Reinhaldar: Svein Erik Rogne
Soknerådsleiar: Berit K. Myrvang
970 02 721



Påske og oppstandelsens håp

AV: BISKOP SOLVEIG FISKE

Korset kan vi fatte. Dødens virkelighet kjenner vi godt til. Men kan vi fatte oppstandelsen?

At våren kommer snart, det vet vi. Så lenge det er tale om sol og måne, blomster og trær, kan vi være i en grunnleggende tillit til tilværelsen. Men at oppstandelsen fra de døde, og nytt liv angår oss som hendelse, kan det være vanskeligere å tro eller begripe.

For kort tid tilbake besøkte jeg Sankt Peterkirka i Kairo i Egypt. I 2014 var det et terrorangrep her. Det var vondt å se minneplatene med bilder av de 29 som ble drept. Da vi stod utenfor kirkeporten kom ei kvinne bort og pekte på bildet av ei av de drepte og sa at dette var hennes søster. Hun uttrykte sorg og savn i det hun fortalte, og slik ble de døde på minneplata mer enn navn. Dette gjorde et sterkt inntrykk sammen med det som under besøket ellers ble formidlet av tro, håp og tillit til at døden ikke er det siste.

I møtet med hun som hadde mistet søstera si, med kirkerommet og minneplatene tenkte jeg på påskeberetninga der mismot og frykt bredte seg blant Jesu venner da han døde. Da han sto opp, vendte motet tilbake. Det sier noe om at Jesu oppstandelse er vårt fremtidshåp, men også en livgivende kraft her og nå. –Frykt

ikke! sa engelen ved graven. –Fred! Sa Jesus da han møtte sine venner.

Ved besøket i Egypt var jeg også på retreat og opplæringscenteret Anafora. Etter koptisk tradisjon har de mange ikoner og malerier. I en egen halvsirkel formidles historia om Maria Magdalena. Bildene viser at Maria Magdalena opplever seg sett av Mesteren, og at hun vil ære Ham ved å vaske føttene hans. Senere klamrer hun seg gråtende til korset, og i sorg går hun til graven og får oppleve den oppstandne i hagen. På det neste ikonet i serien ser vi hvordan hun forteller de andre om hva hun har opplevd. Rak og myndig står hun der og forteller at Mesteren lever. Hun har møtt Ham! Hun har opplevd kraften og håpet i møtet med den oppstandne.

Påskemorgen slukker sorgen, sier salmen. Og jeg vil gjerne legge til – og skaper mot og håp! Påskens budskap kaster lys over livet og døden, forsoning og kjærlighet, nestekjærlighet og gudskjærlighet. Det folder seg ut i stadig nye nyanser i håpet som får sin sterke ramme i Jesus Kristus, som på påskedag viste oss at selv ikke døden kan stå imot kjærlighetens kraft.

Med ønske om velsignet påskehøytid!





Det beste i livet er gratis, eller.... ??



Arne Wangensten i sitt rette element! Banksjefen foran pengebingen, omkransa av Guds frie natur!

Det var dette spørsmålet eg freista Arne Wangensten med på verdivandring. Høveleg nok møttest vi rett utanfor banken der han har sitt daglege virke. Sola var enno på himmelen, og vi tok vegen bort mot Volbu for å nyte henne lengst mogleg.

Spørjande ser han på meg og lurar på kva det er han er beden med på. Eg tek sats og starter med eit lite foredrag om kva som kan og kan hende ikkje kan kjøpast for pengar: «Det er akkurat som om vi kan bytte nokre ting med pengar, medan andre blir redusert dersom det blir sett ein pengepris på. Vi kvir oss for å kjøpe kjærleik for eksempel, eller eg synest ikkje det passer å ta pengar for å be ei bøn for nokon. Guds gåver er alltid gåver! I gamle dagar var det ikkje god tone å spørje etter eller fortelje prisen på ei gåve hel-

ler. ... Eg lurar til dømes på om vi er i ei gråson eller i eit spenningsfelt mellom kva som kan kjøpast for pengar og ikkje, når ein reagerer på privatisering av omsorgstenester.»

Arne skjønner kva eg meiner, og lurar på om han kan få lov til å seie noko no? Han peikar på at desse forskjellige sirklane kan bli lukka, og at nokre kan bli utestengde. Han hugsar tilbake til det å vera handtverkar-familie i eit bondesamfunn og å ikkje ha naturalia å kunne bytte med andre naturalia. Då pengeøkonomien kom, opna det opp og alle fekk lettare del i byttehandelen.

Vi filosoferer litt over dette med pengar, det å lære seg å handtere dei og ikkje minst når pengane flyt så fritt ut og inn via kort som dei gjer i dag. Ein kan rett og slett miste kjensla av kva det er for verdier ein handterer. Det er vel det

som er poenget med pengar, dei flyt fritt, utan for mykje kjensler på seg eller? Det er eit problem når ein misser oversikta. Arne fortel at mykje bankverksemd går med til å gje råd; lære folk å snakke saman om økonomien i familien slik at det ikkje blir ein som brukar og ein som ikkje tør seie at no er det lite på kontoen. «Ja det er kan hende ikkje så lett å snakke om?» spør eg. «Noko med ære?, og kan hende er ikkje pengar berre pengar likevel. Det handlar om status, om skam? om kjærleik det også rett og slett.»

Vi blir samde om dette medan vi ruslar bortover Vestsidevegen mot Volbu torg. Sola bryt igjen eit vakkert snødekt landskap, og eg vil tilbake til utgangspunktet; om det beste er gratis? Naturen til dømes, han ligg der heldigvis for oss alle - gratis å sjå på, gå på tur

i, finne rekreasjon i. Han er som ei gåve! Og kan hende er det dette eg vil fram til, med dette som ikkje kan bytast mot pengar; kjærleik, vennskap, godheit, bøner; dei har preg av gåve. Det er ikkje noko vi betalar for, men noko vi får, og av hjarteleg glede og takksemd kan det hende vi gjev ei gåve attende. Men det er likevel noko annleis enn å betale, det ligg meir overskot i det, det blir ein slags pluss-sirkel, kor ein knyter positive band.

Arne kjem med eit eksempel: då svigermor hans døydde like før jul her, fekk kona Bibbi eit par heimestrikka vottar hos nokon. Og denne spesielle kjensla det er at du veit at nokon har tenkt på deg eit par heile dagar og strikka desse vottane. Det rører ein spesielt.

Eg hugsar sjølv eg, då eg var liten. Julegåvene skulle gjerne vera heimelaga! Sjølv om det også vart eit pes var det noko fint med dette som var handlaga spesielt til den som fekk gåva. Og med handverk er det ofte slik at vi slit med å pri-



Stolt og glad for å kunne vera med å støtte gode tiltak i lokalsamfunnet; som det nye klubbhuset på Storefoss.

se det. Skulle vi betale timeløn ville vi fort ikkje sjå oss råd til å betale, eller vi synes ikkje vi kan ta oss betalt timeløn. Når slikt er ei gåve går det inn i ein annan slags overskots sirkel kor alle får: Den som gir får utløp for omsorga, kjærleiken, glada av å gje, og den som tek imot det same som mottakar. Med pengar som mellomlegg står vi fort att med berre produktet.

Vi går side om side Arne og eg, no på veg ned att etter ein kaffikopp i prestegarden. Vi kjem innatt på kva bankverksemd er; det er også å dele

ut att overskotet av det innskytara (eigarane) i banken får ved verksemda. Til glede for fellesskapet. Det handlar også om å gje gåver. Gåver/støtte til gode tiltak! Lettast er det å gje tilskot til verksemd der nokon gjer noko godt for andre; som arbeid for born og unge for eksempel; eller nytt klubbhus ved fotballbanen på Storefoss. «Og det merkelege er, ofte kan det sjå ut som at det er dei små gåvene som uløyser mest takksemd» avsluttar Arne. «Vi kan gjerne få eit varmt takkebrev for ei støtte på nokre tusen kroner, mens vi i andre samanhengar opplever at vesentlig større gåver ikkje gir den same tilbakemeldinga

Kva min konklusjon er? Det beste i livet: Ei gåve?, gratis?, arbeid?, pengar i banken?, vennskap? Ein skal ikkje alltid lande på endelege svar. Det blir det stutte turar av, og ein god ting i livet er sjansen til ein fin tur og ein god prat med Arne på verdivandring for kyrkjebladet.

MIN SALME



Å LEVA, DET ER Å ELSKA

Det er så mange flotte salmar, men likevel vil eg velje ein av dei velbrukte gjengangarane.

Eg gjekk det gamle skulesystemet med framhaldskule og realskule, og obligatorisk i denne opplæringa var å kunne 20 salmevers utanatt.

Denne salmen var ein av desse. Salmen peikar på det essensielle med livet, og er ei rettesnor for korleis eg forstår religionen. Det er så enkle bod, men kan til tider vera så vanskeleg å leve etter.

– Olav Lie

Å leva, det er å elska
det beste di sjel fekk nå,
å leva det er i arbeid
mot rikare mål å trå.

Å leva, det er i livet
å finna det største verd;
å leva, det er å vinna
til sanning i all si ferd.

Å leva, det er å leggja
all urett og lygn i grav;
å leva, det er som havet
å spegla Guds himmel av.



LYSVAKEN I HEGGE

Igjen har vi hatt ei flott samling med lysvakne 12 åringar i Hegge kyrkje! Flinke, venlege unge menneske som gleda oss vaksne med spørjelyst, stemning og glede.

Ei av adventstida sine store opplevingar for soknepresten var å sitja stille i mørklagd Hegge kyrkje, venne seg til det vesle lyset som gjorde at eg kunne skimte konturane av søylene i rommet. Så vidt sjå og høyre stille 12 åringar leite etter ting i mørkret der. Med vare sansar gjere seg kjend i rommet.


Seinare på kvelden; gå i fakketog til Torgershegge, banke på ei dør på vegen dit, syng nokre songar for naboane. Vel framme; bli taken imot av Kalle, for høvet med heimelaga fakkelstativ, vidare invitert inn på låven av Berit, leite seg fram mellom lyktene til sitjeplassar i høyet, høyre og sjå kyrne som åt fredeleg under oss medan vi fekk høyre forteljinga om han som vart fødd i ein stall!

Den stemninga kunne vi ikkje ta bilete av, den måtte berre opplevast!

Tusen takk til både unge og alle vaksne frå sokneråd og andre som let meg få vera med på dette!




1) Utstyrt med englar og sopelimer er vi klare til å rydde veg for Herren 1. søndag i advent. 2) & 3) Vi lagar sopelime. 4) Englar må til, og Jorid lærer bort.



JULEVANDRING MED BARNEHAGANE

Det skjedde igjen, vi hadde Rogne og Heggebø barnehage på besøk i kyrkjene før jul. 5-6 åringane fekk ved hjelp av julekrubefigurar (i Hegge), og små tablå (i Rogne) ta del i forteljingane om kva som hendte rundt og i Betlehem den fyste jula. Stor glede for oss å vera med på!

1) Alle, alle vil vi ha med. Ellen Oddveig Rudi som Keiser Augustus leiar ungane frå Rogne barnehage rundt på julevandring i Rogne kyrkje. 2) Vi vandrar frå kvar ein verdens krok, med keiser Augustus (i Jon Gunnars skikkelse) i spissen leitar ungane frå Heggebø barnehage etter det vesle barnet i Betlehem




HEKTA, KONFIRMANTLEIR!

Også dette har blitt ein tradisjon!

Saman med 800 andre ungdomar og ganske mange vaksne var vi på leir.

Masse aktivitetar, god og morosam undervisning (også kalla show) flott musikk, proffe forteljarar, snille konfirmantar, og superflinke foreldre (især dei frå Øystre som styrte kantina). Så moro!

1) Vi var ikkje akkurat aleine! 2) Mat må til, ikkje minst for tidenes foreldrehjelp! 3) Napoleons kake! Det er leiren sin det! 4) Ja, har du pengar så kan du få. 5) Ugadamarket, sal av ymse varer til inntekt for Hekta sitt prosjekt i Uganda. 6) Her fekk konfirmantpresten vite at ho var pen til å vera så gamal. Men kosta peng det gjorde det!



Gleda ved frivillig arbeid



Hildur Vingdal, helselagsleiar og no den nye klokkarane vår tala om glede under bispevisitasen.

Glede - er eit lite ord – men som rommer så uendeleg mykje. Ordet glede får ein til å tenkje på samhold, trygghet, tilhørighet, inkludering. Ordet glede får deg til å smile, le, lytte, hoppe og danse. Det ligg mykje helse i ordet glede. Den største gleda du kan ha det er å gjera andre glad – er det eit ordtak som seier.

Å vera med i eit frivillig lag eller forening er ikkje berre dugnad, loddsalg og kakebaking – du får mange positive opplevingar. Eg er blant anna med i Øystre Slidre Helselag som ligg under organisasjonen Nasjonalforening for folkehelsen. Dei siste 20 åra har vårt arbeid vore mest retta mot born og eldre. Laget har som mål å besøke alle barnehagane og barneskulane ein gong i året med anten graut eller suppe. Ungane set pris på dette og når dei kjem med spørsmål som - om vi kan koma att oftare - eller seier «dette var godt, kan eg forsyne meg ein gong til» eller når dei takkar fint for maten, så er dette ei glede og gjer til at resten av dagen for oss frivillige blir bra.

I mange år har vi hatt eit tilbod til bebuarane å sjukeheimen og eldre

heimebuande om å bli med stølstarar. Alle som bur i Valdres har eit forhold til stølen. Å få koma på stølen, høyre kyrbjølla, sjå dyr som beiter, eta rumme, kvitkako og lappar, kjenne lukta av varm brisk - det vekker gode minner! -Desse minna deler dei gjerne med oss frivillige. Felles opplevingar gjev samhold, tilhørighet og mykje glede.

Å ha eit felles måltid skapar og glede og med suppa som de fekk servert på gredahuset tidligare i kveld så håper eg at den gjorde deg både varm, mett og at de hadde ei triveleg stund rundt bordet som gjorde seg så glad at du kanskje til og med kjem til å danse ut av kyrkja i kveld

- Hildur Vingdal

Taizegudsteneste i Volbu kyrkje på Blasiusdagen 3. februar 2019

Taize ligg i Bourgogne i Frankrike. Der var det eit klosterfelleskap som etter kvart spreidde seg over store deler av verda. Dei legg vekt på roleg, meditatív song, musikk, bøn og bibellesning. Soknepresten hadde fått samla nokre til å vera forsongarar, og det vart eit lite kor med alle fire stemmene. Kyrkjelyden song med, og det vart verkeleg ei flott høgtid med både glede og vedmod.

Det var siste gudstenesta der Ingrid Meyrick var klokkar, ei epoke på over 20-år. Heldigvis hadde soknerådet fått ny klokkar, ei gardkjerring frå Volbu, Hildur Vingdal, til å føre tradisjonen med klokkar vidare.

Leiar i soknerådet, Einar Eriksen, las innsejingsbrevet frå biskopen og ynskte den nye klokkaren velkomen og lykke til. Etter gudstenesta var det årsmøte og kyrkjekaffe.

Dagleg leiar, Anne Nora Alund, har som tradisjon og dele ut fuglar til sine medarbeidarar, og samanlikne eigenskapar som fuglen har med dei eigenskapane som ho trur medarbeidaren har. Til Hildur, den nye klokkaren, hadde ho funne ein Tårnsanger. «Denne

fuglen er lys, mild og venleg. Han rører seg lett og har reiret sitt nedpå bakken. Du vil få hjelp ovanfrå, fri deg frå dine begrensningar, slepp fantasien fri, flyg! Velkommen til oss!»

Frå soknerådet fekk ho blomster.

Gudrun Hagen og Anna Moen, bra omtala i forrige nummer av kyrkjebladet, fekk òg takk og blomster frå soknerådet for synging av dåpsdukar. Oddlaug Gullaksen vil føre dette nyttige arbeidet vidare.

Så var det Ingrid Meyrick sin tur til å få godord og takk for lang og tru teneste i klokkarstolen. Leiar, Anne Nora, hadde halde ei fin tale og overrakt gåve frå kyrkjeleg fellesråd på samlinga før jul i Lidar, men ho overrekte blommar og takka for svært god formidling av tekstane, for «Pusterom» i Volbu kyrkje, deltakar på nyttårskonserterne og no i arbeid med kyrkjebladet. Ingrid Meyrick var tydeleg rørt då ho takka for godt samarbeid, fellesskapet og ikkje minst sangen og dei trufaste kyrkjegangarane i Volbu. Ho var glad for å vera ein del av Folkekyrkja, der alle er velkomne.

- M. Viken

Takk frå gamleklokkaren.

Eg set pris på all takk! Kven gjer ikkje det? Og mykje takk og vellete har eg fått no når eg avsluttar mi klokkarteneste i Volbu kyrkje etter over 20 år!

Men det er eg som skal TAKKE:

for tillit

som vart gitt meg då eg vart spurt om å vera klokkar.

Det var store sko å fylle - etter både Einar Moen og Olaug Martinsen. Men Einar er framleis med på å halde sangen oppe i kyrkja! Og Olaug sette eit eksempel med si haldning i si teneste som medhjelpar.

for friheit

til å utforme tenesta slik eg har hatt tru for, til å bruke albaen eg fekk som diakon - ingen har arrestert meg fordi eg har brukt kors på albaen - som berre er forbehalde biskopar!! - det visste eg heller ikkje før no nyleg!

for fellesskap

fyrst og fremst i gudstenesta i dette fine kyrkjerommet vårt som eg er blitt spesielt glad i, men også på stabsmøter og stabsfestar (Til Hildur: Prøv å få med deg desse!)

— vi har nok hatt ei spesiell tid i så måte vi som har tent under Anne Nora. Ho er svært god på fellesskapsbygging og ho har drage inn Prøysen i teologien og minnt oss om Gud på grasrota - ein spesiell takk til deg for det!

til alle kolleger

for godt samarbeid! Ein tenkjer kanskje ikkje så mykje over det, men det er mykje som skal ordnast ved kyrkjelege handlingar. Ikkje alle tilsette har ein like framskoten plass som presten og klokkaren, men dei er like vikti-


ge for det! Takk til kyrkjetenarar og kyrkjevartar - og takk til Magne Olav for mykje flott og variert musikk! Ein særskilt takk for nyttårskonserterne som vi har samarbeidd om i mange år no - og som viser seg å fylle eit behov både hjå bygdefolk og tilreisande! På mi siste gudstjeneste las eg teksten frå salme 103 om at Gud gjer meg ung att som ørna!

Eg kan vel neppe ta det bokstaveleg og er kanskje heller ikkje så ivrig på det. Eg held meg heller til Preikaren som seier at «alt har si tid.» Og når vi er så heldige at vi har fått Hildur til å ta over, så kan eg trygt levere staven ifrå meg.

TAKK FOR MEG!
Ingrid Meyrick



Foto: Svein Harald Hegge



Solveig Sandberg

Altarduk i Hegge kyrkje

Altardukar



LA OSS sjå litt på altardukane i kyrkjene våre. Når ein fell til ro etter å ha sett seg i kyrkjebenken i Hegge kyrkje, vert auga drege mot altaret. Kyrkjene er bygde slik at det sentrale punktet alltid er altaret. Her møter vi symbol som talar til oss med eit språk utan ord. Vi ser at altaret er pynta til fest. Frå langt tilbake i tid har det vore føresegner om at ikkje berre skulle presten ha vakre

messeklede til gudstenesta, altaret skulle også ha bunad. Alt på 300-talet tok ein til å bruke altarduk på altaret. Tanken var at duken skulle symbolisera det kledet som Jesus vart innsveipa i og skulle såleis vera av fin kvit lin. I tråd med tradisjonane er altarduken i Hegge voven av tynne trådar spunne av planta lin. Den kvite fargen er glede, lyset og reinleiken si farge.

Kvinner i bygda har lagt si sjel i arbeidet for å framskapa denne vakre tekstilen.

HEGGE KYRKJE har fleire altardukar. Duken på bildet er den nyaste. Den var ei gåve kyrkja fekk i 2009. Bak denne altarskruden står det fleire kvinner. Magny Karlberg vov tøyen til duken og så gjekk arbeidet vidare til Ragnhild Onstad som pryda den med firflettingar. Som om ikkje det var nok, bidrog Hildegunn Dahle til å leggje krona på verket med ein duk som beskyttar duken på bordplata. Det ligg mykje tid, omtanke og godt handverk bak denne prydaden. Med respekt og kjærleik har flittige hender gjeve liv til trådar som kvar for seg er spinkle, men elastiske og seier noko om samanhengen mellom himmel og jord. Slik er altarduken med på å synleggjere at alt er gjort klart til det heilage møtet ved nattverdsbordet.

B-KARAD'N

Mannskoret B-karad'n fra Ål i Hallingdal kjem til Volbu kyrkje på palmesundag. Dei har lang erfaring med å arrangere påskekonserter.



Foto: Terje Olsen

Del siste 10-12 åra har kameratgjengen fra Ål syngje for fullsett Ål kyrkje av både fastbuande og turistar som ønskjer ein stille og fin start på påskeveka saman med mannskoret.

I fjor var koret på Ryfoss for generalprøve, men denne gongen er det altså Øystre Slidre og Volbu som er arenaen!

Lidingsoga blir lesen mellom sangane og er med på å lage ein raud tråd gjennom konserten. Fleire av sangane går att fra år til år, men mange nye blir også innøvd kvart år. Det blir både salmer, negro spirituals og ein eigen «bedehus-medly».

De fleste arrangementa er handskrevne for B-karad'n av deira eigen dirigent, kantor Audun Flaen, som også sit bak orgel og piano på fleire av sangane. Terje Nordal og Øystein Kilde spelar gitar. Flaen legger stor vekt på ulike musikalske uttrykk og det er god variasjon i sangane og arrangemen-ta, gjerne ulike arrangement på kvart vers!

B-karad'n legg bak seg ein svært aktiv vinter med mange konsertar, og er snart klare for vårbeitet, men fyrst er det påske og B-karad'n ønsker alle hjertelig velkomne til Volbu kyrkje palmesøndag 14. april kl. 18.00!

- Øystein Kilde


LANGFREDAG MED BILETKUNST!

Kva kan skrifta på gravsteinar gje ein kunstnar?

Korleis kan eit liv tolkast og gje mening og kan hende takkemd.

Velkomen til spanande gudsteneste i Volbu langfredag kveld. Då vil Tron Kittelsen ut sine «Frottagar», gje interessante innspel, vinkling til langfredagsdramaet.

- Eli



JULETRIFEST PÅ TINGVANG 6. JANUAR 2019

Mykje folk i alle aldrar, nydeleg pynta julegran i storsalen, fest-pynta bord og stor stemning då soknepresten ynskte alle vekomne til fest.

Øystre Slidre musikkorps opna festen med kjende og kjære julesongar, kyndig leia av Otto Hegge.

Sjarmørkoret held fram, og med stor innleving song dei to songar akkompagnert av Are Alund.

Me er så heldige her i Øystre Slidre, det «poppar» stadig opp nye talent både i song, spel, dans m.m. No kom det eit innslag som særleg imponerte meg, Tre jenter frå konfirmantkullet dansa ein flott dans, heilt likt. Flott å sjå på!

6. januar er til minne om då dei tre vise menn kom til Betlehem for å sjå og tilbede Jesusbarnet. Ei av konfirmantane las teksten for dagen.

Etter som det var mange barn i salen, var tida komen til at det var godt å røre på seg. No vart det juletrégang, tre store ringar! Med forsangarar og Are ved pianoet, gjekk juletrégangen kjempebra, alle song med og stemninga steig då me etter julesongane avslutta med dei tradisjonelle leikane!

Det hadde lukta herleg kaffe lenge, og det smakte fortrefteleg med nydelege kaker, kaffe og saft som Røde kors omsorg stod for, medan konfirmantane viste seg som dyktige, blide og omsorgsfulle servitørar.

Me hugsar at dei tre vise menn hadde med seg gåver til Jesusbarnet, og no kom sanneleg «Dei vise menn» med gotteriposar til både store og små.

No var det tid for dei yngste med foreldre og ta kvelden, men festen held fram med langeleikspel og gang rundt juletreet.

Tusen takk til sokneråda, Røde kors omsorg og ikkje minst den flotte gjengen med konfirmantar for ein triveleg kveld!

- M. Viken



BIBELFORTELJINGAR VED PEISEN

I siste nummer av kyrkjebladet inviterte soknepresten til «Bibelforteljingar ved peisen».

Dette høyrdest veldig koseleg ut, og det vart det!

Me har hatt to samlingar på torsdagar; 10. januar og 7. februar. Tolv, mest godt vaksne damer, og 2 karar, hadde funne vegen inn i den koselege peisestogo i prestegarden. Fyrst vart me bedne til bords til kveldsmat. Å sitje til bords med så mange trivelege folk er i seg sjølv godt for både sjel og kropp, og særleg for oss som oftast må ete åleine!! Så samla me oss i ein stor ring rundt peisen.

Soknepresten las fyrste gongen frå 1. Mosebok, Gud skaper verda. Dette var kjent stoff for oss alle, men å sitje der i lag og høyre heile forteljinga lese frå Bibelen var sterkt. Det er så gripande og flott skrive, og ein får verkeleg kjensla av at teksten må vera styrt av ei høgare makt.



Andre gongen, den 7. februar, hadde soknepresten funne ei av forteljingane frå det gamle testamentet som ho likte best, nemleg om Josef, ein av sønene til Jakop og heile livshistoria hans. Dette er ei svært spennande og dramatisk forteljing som inneheld alt som har med det å vera menneske, som f.eks. misun-ning, hevn, drap, naud, sorg, og ikkje minst om forsoning, glede og tilgjeving.

Det er ikkje underleg at Bibelen er verdas mest leste bok, her er det nok av drama og spenning, og ikkje minst noko å undre seg over!!

Flotte kveldar, takk til Eli! Eg gler meg til neste gong.

Merk! Bibelforteljing ved peisen går ut 2. mai, men blir i staden i prestegarden 25. april klokka 19.00!

- M. Viken



KYRKJELEGE HANDLINGAR OKTOBER 2018- FEBRUAR 2019

DØYPTE

LYSKAPELLET

Nora Villmones
Gullik Hålien Fykseen

ROGNE KYRKJE

Tord Holstvold Huset Kolstad
Thea Amalie Onstein
Sofie Hermundstad Aasbakken
Johannes Kringli Skatteboe
Aksel Hovda

VOLBU KYRKJE

Åsmund Løksa Festø
Ada Sofie Aspholt-Weisser
Georg Nygård Skogen

DØDE

ROGNE KYRKJEGARD

Ole Arne Haugen

ROGNE KYRKJESTOGO

Roelof Hendrik Kroeze

ROGNE KYRKJE

Ola Trygve Nereng
Edvard Skattebo
Ingrid Olsen
Oddrun Jakoba Holene
Knut Nils Windingstad

VOLBU KYRKJE

Anne Marie Sterten
Gudrun Rogne

HEGGE KYRKJE

Edvin Grongstad
Arnbjørg Røine
Grete Rolandsgården

LIDAR KYRKJE

Hilda Lie
Hilda Gunvor Sørbu

VELKOMEN TIL KYRKJE!

Sjå Avisa Valdres for eventuelle endringar.

Påskan / April

14 04 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00

Palmesundag. Høgmesse v/Prost Carl Philip Weisser.
Takkoffer Leger uten grenser.

Lyskapellet kl. 11.00 Palmesundag.
Gudsteneste.

Dåp v/sokneprest Eli Vatn.

Øystre Slidre sjukeheim kl. 16.30

Palmesundag v/prost Carl Philip Weisser.
Kyrjekaffe v/Volbu sokneråd kl. 15.30.

18 04 2019

Lyskapellet kl. 17.30 Skjærtorsdag.

Den gylne time m/nattverd
v/sokneprest Eli Vatn.

19 04 2019

Buahaugkrysset kl. 15.00

Langfredag.

Andakt v/prost Carl Philip Weisser.

Volbu kyrkje kl. 19.30 Langfredag.

Pasjonsgudsteneste v/sokneprest Eli Vatn. Takkoffer Kirkens Nødhjelp.

21 04 2019

Lyskapellet kl. 09.30 Påskedag.

Gudsteneste v/prost Carl Philip Weisser.

Hegge kyrkje kl. 11.00 Påskedag.

Høgtidsmesse v/prost Carl Philip Weisser. Takkoffer Kirkens SOS.

22 04 2019

Lidar kyrkje kl. 19.30 2. påskedag.

Høgmesse v/sokneprest Eli Vatn
m/konfirmantar. Takkoffer På kyrkjeveg.

28 04 2019

Lidar kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Tårnagent v/sokneprest Eli Vatn.

Mai

05 05 2019

Volbu kyrkje kl. 11.00 Høgmesse.

Tårnagent v/sokneprest Eli Vatn.

17 05 2019

Volbu kyrkje kl. 09.30 Gudsteneste
v/Prost Carl Philip Weisser.
Takkoffer På Kyrkjeveg

19 05 2019

Rogne kyrkje kl. 11.00 Samtale-
gudsteneste v/sokneprest Eli Vatn.
Takkoffer Øystre Slidre Røde kors.

26 05 2019

Lidar kyrkje kl. 12.00

Dylan messe v/sokneprest Eli Vatn.

Hegge kyrkje kl. 19.30

Samtalegudsteneste v/sokneprest
Eli Vatn. Takkoffer Redd Barna.

Juni

02 06 2019

Volbu kyrkje kl. 10.30

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

Rogne kyrkje kl. 12.30

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

09 06 2019 Pinsedag

Lidar kyrkje kl. 10.30.

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

Hegge kyrkje kl. 12.30.

Konfirmasjon v/sokneprest Eli Vatn.

23 06 2019

Volbu kyrkje kl. 11.00 Høgmesse v/
vikar. Takkoffer Kirkens ressurs-
senter mot vold og seksuelle overgrep.

Den gylne time

Kvar torsdag kl. 17.30

Den gylne time i Lyskapellet.
Hjarteleg velkomne.

Kyrkjeskys

LIDAR:

Mette Lein 996 90 632

HEGGE:

Hildegunn Dale 975 82 610

Synnøve Rødningen 992 37 680

VOLBU:

Liv Heitun Eriksen 926 37 556

ROGNE:

Gustav Fystro 910 04 468

Salmekveld

I Rogne kyrkjestogo den 13. mai kl 19.00

Diakonitreff

Rogne kyrkjestogo den 3. april der Trond Øigarden vil fortelja om fuglar og blomar i kristen tradisjon.

Det blir også eit møte i mai/juni som ikkje er heilt fastlagt enno. Fylg med i avisa!

Pusterom

Volbu kyrkje 6. mai og 3.juni.

Open kyrkje frå kl. 18.00. Felles meditasjons-
stund frå kl. 18.30

Babysong

**Rogne kyrkjestogo 9.april, 30.april, 14.mai
og 28.mai kl.11.00.**

Babyar mellom null og eit år er hjarteleg
velkomne saman med foreldra til ei koseleg
stund med song, musikk og litt servering.

VOLBU KYRKJE 2. JUNI KL. 10.30

Håvard Berg
Noah Haugseth
Ole-Christopher Tvetene Mably
Ingeborg Onstad
Silje Kolbjørnshus Rogne

ROGNE KYRKJE 2. JUNI KL. 12.30

Sander Engelund Bergli
Mathias Nybråten Damstuen
Martin-Kristoffer Nerstad
Bjørn Olav Robøle
Henning Hermundstad Snekkerhaugen
Even Andreas Thon
Julianne Svendsen Killi
Marthe Dahlen Myhre
Inga Thon Rogne
Sunniva Rudi-Nereng
Ingeborg Aastveit

LIDAR KYRKJE 9. JUNI KL. 10.30

Jørgen Sagahaugen
Tuva Bryhni Andersen
Helene Windingstad
Lone Kristine Kyseth-Lykken
Anja Evensen Brugrand

HEGGE KYRKJE 9. JUNI KL. 12.30

Anders Robøle Fegri
Rasmus Hansen Rakstad
Andreas Robøle
Morten Sjørengen
Anders Aasen
Ingunn Kristindotter Framstad
Kristina Rødningen Kolbjørnshus

